

## MELAND KOMMUNE

### REGLEMENT FOR HOVUDUTVALA

#### 1. GENERELT

- a) Meland kommune skal, etter vedtak av kommunestyret 13.06 07 , ha følgjande hovudutval:
- \* Utval for levekår ( ULK)
  - \* Utval for drift og utvikling ( UDU)
- b) Hovudutvala er faste utval etter Kommunelova § 10, og skal - så langt det høver - arbeida i samsvar med reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden, møteleiing m.m. som er fastsett i Reglement for Meland kommunestyre.
- c) Utvalet har fast sekretariat. Rådmannen oppnemner dette.

#### 2. VAL OG SAMANSETJING

Hovudutvala skal ha 9 medlemmer med varamedlemmer, alle valde av kommunestyret. Medlemmene skal vera medlem av kommunestyret, medan varamedlemmene kan vera vararepresentant til kommunestyret. Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Vala skal skje i kommunestyret sitt konstituerande møte, eller så snart som mogeleg etter dette, jfr Kl § 17. 3 og § 17.4.

#### 3. ARBEIDS- OG ANSVARSOMRÅDE

Hovudutvala skal vera ein arena der medlemmene kan fremja sine synspunkt og der ein arbeider seg fram til ei eller fleire løysingar. For løysing av tidsavgrensa oppgåver som ikkje er av prinsipiell betydning, kan hovudutvala setja ned adhoc-utval til å utarbeida framlegg. I desse utvala kan også andre enn medlemmene i hovudutvala vera med. Hovudutvala kan gje leiar eller eit arbeidsutval mynde til å treffa vedtak i einskildsaker eller saker som ikkje er av prinsipiell betydning, jfr Kl § 10.4.

Hovudutvala skal innanfor sine fagområde

- sjå til at oppgåvene vert løyste på ein god og effektiv måte
- sjå til at det er etablert gode rapporteringsrutinar
- arbeida med kartlegging av stoda / trong for utvikling og utbygging
- gjera vedtak / koma med innstilling innanfor dei rammer og etter dei retningslinjer som er vedtekne i kommunestyret, jfr delegasjonsreglementet